

KULTURBEITA PÅ MYR MÅ GJØDSLAST RIKELEG OG DEI ULIKE NÆRINGSEMNA MÅ TILFØRAST I RETTE MENGDER.

Av *beitekonsulent J. B. Nordbø.*

Interessa for kulturbeitesaka er stor jamt over. Men diverre synes det å vera altfor mange som av ein eller annan grunn gjødsjar og steller beitet sitt altfor ringt.

Truleg er dei ikkje fullt på det reine med den store sanninga som ligg i påstanden om at eit godt stelt beite er ein sers viktig faktor i rasjonell gardsdrift — men på andre sida — eit ringt stelt beite har lite og inkje med rasjonalisering å gjera, snarare det omvende.

Det kunne mest synast kravfullt å oppta plassen i eit slikt tidskrift med — etter mange si meining — så velkjent stoff, men eg vil likevel ta med nokre tal som mogleg kunne syne tydelegare kor stor skillnad det i røyndi er på godt og ringt stelte beite.

Dei faste årlege utgiftene med eit kulturbeite vil vi i dag ofte måtte setje nær opp til kr. 30,00 pr. dekar. Gjødselutgiftene er då ikkje medrekna. Ein reddast det ligg altfor mange kulturbeite som årleg ikkje gjev meir enn 100—150 f.v. pr. dekar. Kvar förverd produsert på beite vil då kome på nær 30 øre, og dette er meiningslaust dyrt för i sumarstida, allvisst når ein veit for visst at same beitet kunne produsert kvar föreining for snautt det halve om det berre hadde vorte skikkeleg gjødsla og stelt. Så dyrt sumarför har då heller ingen plass i eit rasjonelt gardsbruk.

For små mjølkemengder må utan vidare bli fylgjene av slikt beitestell, og då er vi retteleg på glattisen komne. Det nyttar nok lite i dag å vilja kreve rimeleg att for sitt eige arbeid om vi ikkje ser etter at mjølkekyrne våre gir 3—4000 kg mjølk i året. Slike avdråttstal krev godt kulturbeite under nåverande tilhøve. Vi må ha beita såpass i trim at kua kan greie å sanke 60—70 kg ungt godt beitegras på dagen. Men då må beitet gi 250—300 f.v. pr. dekar i staden for 100—150. Stor vidd kan aldri oppvege rikeleg gras på eit lite areal. På eit ringt beite går for stor part av beitegraset med til vedlikehald. Og no er det kanskje ennå meir tydeleg: Fyrst å produsere dyrt gras, og deretter la kua nytte ein altfor stor del av dette til vedlikehaldsför — så blir det ikkje nett det vi elles meiner med rasjonalisering.

Kulturbeite på myr kan vera framifrå, vi har rikeleg med døme på det, men la os også halde klårt for oss at er det fyrst tale om at ringt gjødsla og stelte beite er urasjonelt, så blir ikkje saka betre om beitet ligg på myr, snarare tvert om. Eg finn det formålstenleg i dette stykket å dra fram ymse av grunnane til dette:

1. Anleggsutgiftene ved beitedyrkinga vert ofte nærare dobbelt så store på myr som på god fastmarksjord. Det må ofte mykje grøfting til for å få ut vatnet, levande mose må ein få burt, planeringa, kalkinga osv. blir og nemnande utgifter. Dei fyrste åra kan det også bli heller liten avling på ring myr. Av det som er halde fram tidlegare skulle det vel vera greitt: Utan rikeleg årleg gjødsling så vi kan ta store avlingar vil kvar fôrværd produsert på eit slikt beite falle heller dyr.
2. I sjølve myrjorda er det ikkje lager av næringsemna kali og fosforsyre. På god fastmarksjord vil minerala etter kvart frigjera noko av desse emna til plantane, men i myrjorda vert det krise i så måte heller snart etter at vi sluttar å tilføre gjødsel, eller vi gir for lite. Difor ser ein då snart og kor tunn og ring grasbotnen vert, og raudbrune og utrivelege beite på myr er diverre ikkje så sjeldan så sjå. Sume stader er det så langt kome at halvgrasartane, finnskjeggen eller i verste fall røsslyngen har tatt på å breie seg innover beitet.
3. Næringsinnhaldet i beitegraset, serleg når det gjeld kalken og fosforsyra, er sterkt bunde til dei mengder av desse emna som er i jorda. Det er sers viktig her til lands at beitegraset har rikeleg av desse emna. Sumarstid ser ein kanskje med berre auga lite til om det skulle verte i minste laget. Men dyra må på ein eller annan måte reagere, og til vinteren får ein ofte sjå fylgjene meir tydeleg.

Eit ringt gjødsel og stelt beite er aldri noko opplyftande syn, men det er liksom det grin endå tydelegare imot ein om beitet ligg på myr. Kanskje det er tanken om det i røynda er endå simplare enn det ser ut til, som gjer seg gjeldande ved sida. På andre sida, er myra godt gjødsel og stelt, er ofte beitet frodig og fint her — sjølv i dei tider då mykje av beita på fastmarksjorda strir med tørkebolande, som vi diverre så ofte har midt i beste beitetida.

Årlege gjødselmengder til beite på myr.

Kali- og fosforsyregjødslinga er kanskje noko av det viktigaste. Sjølv om vi gav rikeleg av desse emna som ei grunn-gjødsling ved kultiveringa, så må vi la myra få rimelege mengder kvart år. 40 kg superfosfat og 25—30 kg kaligjødsel (33 % K) pr. dekar er ikkje serleg rikelege mengder, om vi elles steller og nyttar beitet godt. Men vi har ikkje serleg mange prøver frå den siste tida som kan syne oss korleis det går med lønsemda om vi går høggre.

Kveveggjødslinga må rette seg etter kor fort det går med moldinga i myra vi arbeider med. Høgst til fjells — lengst mot nord og i nykultivert myr — vil det vera lite fart i moldinga. Der

sumarvarmen er stor, kan derimot moldinga i god grasmyr ha kome så godt i veg at vi får ikkje betalt for meir kveve enn det vi kaster ut tidleg om våren, for å få god fart i grasveksten. 20—30 kg kalksalpeter pr. dekar kan då gjera god teneste. Seinare på sumaren greier slik myrjord seg sjølv med kveve. Er det derimot nydyrka myr — og mosemyr som ennå ikkje er kome skikkeleg i gang, sjølv etter fleire år — så kan 50—60 kg kalksalpeter pr. dekar delt på 2—3 vender vera høveleg gjødsling. Ny mosemyr kan ofte krevje endå større mengder for å gi rikeleg grasvekst.

LOVA OM VERN MOT JORDØYDELEGGING.

*Rundskriv fra det kgl. Landbruksdepartement
av 20 juni 1949.*)*

Lova om vern mot jordøydelegging frå 18. mars i år tok til å gjelde frå 31. mars i år.

Det gjeld her ei viktig lov.

Gjennom lange tider har torvmyr og lyngmark over store delar av landet vore nytta på ein måte som har ført med seg ei stor og skadeleg jordøydelegging. Fyrst og fremst i kystbygdene på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, men og sørvest i landet. Dei etterrøkingane jordvernemnda har gjort syner at i 110 kystherad frå Hordaland til Finnmark er gjennom åra over 55.000 dekar jord øydelagt eller forringa som fylgje av urasjonell torvdrift og moltdak. I desse bygdene blir det kvart år øydelagt om lag 1030 dekar jord (før krigen).

Det kan ikkje gå lenger på denne måten. Ein må få rådbøter til å stanse denne jordøydelegginga og samstundes koma bort frå den sløsinga med torva som dei gamle driftsformene fører med seg. Så lite jord ein har mange stader etter kysten, gjeld det framfor alt å ta vare på den jorda som er, dersom det ikkje skal bli altfor vanskeleg å livberge seg der for dei som kjem etter.

Det blir her tale om ymse rådgjerder. Eitt av midla, og det eit sers viktig middel, til å stanse jordøydelegginga, er lovføresegner som kan trygge at nyttinga av myrane kan koma over i ordna rasjonelle driftsformer. Slike føresegner har vi nå fått i lova om vern mot jordøydelegging.

Det er greit at ei slik lov bryt ikkje så lite med gamle tilvante driftsformer på eit så viktig omkverve som forsyninga med brenntorv i kystbygdene, og vil kunne skapa ymse vanskar for folket der. Mange vil kanskje kjenne det som eit noko hardt inngrep i arbeidet deira for å skaffe seg brenne.

*) Vi offentliggjer her et rundskriv som Landbruksdepartementet sendte fylkenes landbruks- og skogselskaper i fjor sommer. Da torvsesongen var over før en rakk å distribuere rundskrivet, har vi ventet med å ta det inn i tidsskriftet til nå så det kan stå i friskt minne hos de interesserte til kommende torvsesong.